

Miljødirektoratet
post@miljodir.no

HØYRINGSSVAR - STATOIL SIN SØKNAD OM BORING AV AVGRENNSNINGSBRØNN 30/8-5 TUNE STATFJORD (2016/7429)

Me viser til ovanfor nemnte høyring, om boring av avgrensingsbrønn 30/8-5 Tune Statfjord (2016/7429). Søknaden gjeld også utslepp til sjø og luft.

Pelagisk Forening vil på det sterkeste åtvara mot at Statoil får løyve til å bora i dette området.

Søknaden gjeld boring, og naudsynte installasjonar, i eit svært viktig gyte og oppvekstfelt for tobis. Som kjent er tobis ein svært stasjonær art, og såleis ekstra sårbar for oljeaktivitet og giftutslepp.

Etter råd frå Havforskningsinstituttet har det vore forbode å fiska tobis i dette feltet sidan 2009. Dette fordi tobis er ein særleg sårbar art, og fordi det er eit langvarig og sterkt ønskje om å bygga opp att bestanden på dette feltet.

I tillegg er dette det einaste området i Norsjøen nord for 58 30 (engelsk Klondyke) som har botn og dybde tilhøve for oppvekst og fiskeområde for Tobis.

Boring, og utslepp, på dette feltet kan vera biologisk dramatisk, både på kort og lang sikt. Føre var prinsippet talar såleis sterkt for at søknaden bør avslåast. Dette feltet er også eit viktig felt for kvitfiskfelt, og det er ikkje restriksjon på fiske av kvitfisk. Utslepp er såleis også negativt for andre fiskeri enn berre tobisfiske.


Feltet er ikkje stort, og ein oljeinstallasjon, med sikkerheitssona, vil kunne føra til at feltet blir beslaglagt av oljenæringa, og den viktige fiskerinaeringa vil mista eit svært viktig fiskefelt. Dette vil føra til betydelege økonomiske tap for reiarlaga som fiskar tobis, og for reiarlaga som fiskar andre artar i området.

Pelagisk Forening vil difor sterkt åtvara mot at det blir gjeve løyve til å bora i området.

Ta gjerne kontakt dersom de har spørsmål eller eit kvarter er uklårt.

Bergen: 25.8.17

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS


Ask Økland
Advokat